
Spørjeundersøking om busituasjonen blant innbyggjarar i Dovre - oppsummering



27 OKTOBER 2025

Dovre kommune
Svein Holen, rådgjevar bustadutvikling

Viktig del av kunnskapsgrunnlaget til Bustadpolitisk plan


I arbeidet med Bustadpolitisk plan ynskjer Dovre kommune å stille spørsmål til innbyggjarane om korleis dei opplever busituasjonen sin, og om korleis dei ser for seg å bu i framtida.

Kommuneplanens samfunnsdel 2025-2036 inneheld viktige målsettingar i bustadpolitikken:

- ✓ Dovre kommune skal legge til rette for framtidas bustader for unge og eldre i tettstadene, både til leige og eige.
- ✓ Kommunen vil etablere sentrumsnære bufellesskap og legge til rette for at eldre kan bu trygt heime så lenge som mogleg.

Administrasjonen arbeider med fleire konkrete prosjekt for å nå desse målsettingane, og den politiske forankringa og prioriteringane vil kome i samband med Bustadpolitisk plan og Økonomiplanen.

Undersøkinga, som var laga i Microsoft Forms og sendt ut på sms og e-post via Varsling 24, vart gjennomført i perioden 26.09. – 12.10.2025. Målgruppa var innbyggjarar i alderen 16 år og eldre. Det kom inn 885 svar, som tilsvarar 41% av målgruppa.



Dei fleste som svara på spørjeundersøkinga – respondentane – er enten i arbeid eller pensjonistar, og det er fleire kvinner enn menn.

Relativt høg svarprosent kan tyde på at mange innbyggjarar er opptekne av bustadspørsmål. Resultatet viser rett nok få eksakte svar, men skaper likevel eit godt grunnlag for å stille nye spørsmål, tolke og diskutere vidare.


Svara tyder på at dovingane stort sett er tilfredse med busituasjonen sin

Ni av ti er «veldig tilfreds» eller «litt tilfreds» med busituasjonen. Likevel ser ein av tre det som aktuelt å flytte til annan bustad innan ti år. Så mange som 189 respondentar allereie om eitt til fem år. Det er i realiteten nå!

Sju av ti husstandar er små og består av ein eller to personar. Ein stor del ynskjer å tilpasse bustaden dersom det blir behov pga. nedsett funksjonsevne.

Dersom du eller nokon i din husstand får svekka helse eller nedsett funksjonsevne som gjer det vanskeleg å bu i nåverande bustad, kva vil du da helst gjera?

(Fleire svaralternativ er mogleg)




Den neste bustaden

Halvparten av respondentane ynskjer å eige den neste bustaden. Det betyr at «eigarlina» er i endring. Ein av fem kan tenkje seg å bu i burettslag. Fleire enn nå ynskjer å leige bustad, eller spørsmålet om å eige eller leige er ikkje så viktig.

Kvar vil respondentane helst bu i framtida?

Halvparten av respondentane vil helst bu på Dombås

Dersom du ser for deg å flytte, kvar vil du helst bu?



Andre funn frå undersøkinga

For mange er nærleik til sentrumsfunksjonar og sosiale møteplassar svært viktig, men også nærleik til vener og familie. Det blir vist til stor mangel på attraktive bustader og bustadtomter å få kjøpt i Dovre.

Det er ei viss, men betinga interesse for å bu i den tidlegare barneskulen på Dovre, dersom han skulle bli bygt om til leilegheiter. Sjå fleire synspunkt om dette temaet i oppsummeringa frå det frie kommentarfeltet i undersøkinga.

Mange respondentar over 60 år er interesserte i å leige leilegheit med livsløpsstandard og i gode bumiljø.

Illustrasjonen til venstre i neste bilde er forslag til fasadeløysing på kommunale utleigebustader for eldre på Stene-tomta, Dombås.

For deg som er 60 år eller eldre:
Sjå for deg at Dovre kommune vil bygge nye utleigebustader, som livsløpsbustader og i gode bumiljø, der alle eller nokre av bustadene er målretta mot seniorar/eldre.
Ville du vera interessert i å flytte til ein slik bustad?



Illustrasjon: Arkitektkontoret Streken AS

370 respondentar er veldig eller litt interesserte.




Svara viser at personleg økonomi står i vegen for å kunne kjøpe ny bustad til materialpris eller brukt bustad til marknadspris i Dovre.



Foto: Svein Holen


Dersom du skal kjøpe bustad, kva vil vera realistisk kjøpesum for deg?

14% av respondentane har råd til å kjøpe bustad som kostar meir enn kr 3,0 mill.



Dersom du skal leige bustad i framtida, kva vil vera høgste realistiske leigepris for deg - eks. straum og internett?

Nesten ingen av respondentane greier å betale ein leigepris på meir enn kr 12 000 pr. mnd.



Det er behov for rettleiing i spørsmål som gjeld nåverande og framtidig busituasjon.




Foto: Svein Holen

Fritt kommentarfelt i undersøkinga

(oppsummert og tematisert ved hjelp av KI, og kvalitetssikra av rapportskrivaren)

Innspela frå innbyggjarane viser ei tydeleg uro for tilgangen på bustader i Dovre kommune, særleg knytt til heilårsbustader på Dombås og i sentrum av Dovre. Fleire respondentar peikar på at mange eksisterande hus står tome eller blir brukte som fritidsbustader, noko som avgrensar moglegheitene for både tilflyttarar og yngre innbyggjarar som ønskjer å etablere seg. Fleire framhevar at buplikt kan vere eit viktig verkemiddel for å frigjere bustader til heilårsbustadbruk.

Mange eldre innbyggjarar ynskjer å bu i eigen bustad så lenge som mogleg, og det blir etterspurt tilrettelegging som gjer dette mogleg, til dømes småhus eller mikrohus, bustader med alt på eitt plan, samt fellesareal og tenester som kan støtte sjølvstendig liv. Nokre peikar på at dagens omsorgsbustader ofte er for små og isolerte, og at nye bustader bør gi plass til besøk frå familie og sosial aktivitet.

Økonomi er eit gjennomgåande tema. Respondentane framhevar høge kommunale avgifter og låge bustadverdiar som utfordrande, både for dei som ønskjer å bli buande i kommunen og for nye tilflyttarar. Fleire meiner at bustadmarknaden i Dovre er utilgjengeleg for folk med ordinær inntekt, og etterspør støtteordningar som Husbanklån eller økonomisk tilrettelegging.

Når det gjeld lokalisering, ønskjer innbyggjarane at bustader blir plasserte sentrumsnært med kort avstand til butikkar, helsetenester og offentleg transport, samstundes som tilgang til natur, utsikt og aktivitetstilbod blir verdsett høgt. Fleire foreslår også bustader med blanding av generasjonar og fellesareal for å fremje sosialt samspel.

Andre utfordringar som går att i kommentarane, er vanskar med å selje eksisterande bustader, behov for vedlikehaldsstøtte for eldre, utilstrekkeleg infrastruktur som dårlege vegar, manglande gang- og sykkelvegar, og lite kulturelle og sosiale tilbod.

Samla peikar innspela på eit klart behov for å:

- ✓ Auke talet på heilårsbustader og leggje til rette for frigjeving av eksisterande tomme hus.
- ✓ Legge til rette for eldre og einslege som ønskjer å bu heime lengst mogleg, med alternativ som småhus, mikrohus eller tilrettelagde leilegheiter.

-
- ✓ Gjere bustader økonomisk tilgjengelege for både tilflyttarar og innbyggjarar med ordinær inntekt.
 - ✓ Sikre at nye bustadområde kombinerer sentrumsnærleik, tilgang til natur og sosiale møteplassar, gjerne med fellesareal og blanding av generasjonar.
 - ✓ Forbetre kommunal infrastruktur og tenester for å støtte bustadmarknaden og livskvaliteten i kommunen.
 - ✓ Innspela gir eit tydeleg bilete av at bustadtilgang, livsløpsstandard og økonomiske forhold er avgjerande for både trivsel og busetting i Dovre kommune.

Fleire respondentar uttrykker skepsis til planar om å bygge om Dovre skule til bustader. Nokre meiner dette kan vere korttenkt og fryktar at det vil tømme sentrum for yngre innbyggjarar, medan andre peikar på at slike bustader kan isolere eldre og ikkje fremje livskvalitet.

Samtidig kjem det fram eit tydeleg ønskje om at bustadområde for eldre bør leggjast til område der det finst aktivitetstilbod og sosiale møteplassar, og der ein kan oppretthalde blanding av generasjonar.

Innspela tyder på at alternative løysingar, som nye småleilegheiter på andre tomter med sentrumsnærleik og tilrettelegging, kan vere meir hensiktsmessig enn ombygging av Dovre skule.

Det konkrete spørsmålet i undersøkinga lyder slik:

«Sjå for deg at Dovre kommune vil bygge om den tidlegare barneskulen på Dovre til leilegheiter.

Kor sannsynleg er det at du ville vera interessert i å bu der?

(Fleire svaralternativ er mogleg)»




Foto: GD

